

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-014	23/922

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Val av formannskap for valbolken 2023 - 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak med viser til framlagt liste(r) i møte.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyrevalet vart halde 11.september 2023

Val av formannskap skal gjerast i konstituerande møte i kommunestyret innan utgangen av oktober månad, jf kommunelova § 7-1, 1. og 3.ledd.

Formannskapet trer i funksjon frå det konstituerande møtet, jf kommunelova § -1, 4.ledd.

Fakta

I Masfjorden kommune er det fem medlemmer i formannskapet.

Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet vert valt for fire år og skal veljast av medlemmene i kommunestyret. Det er berre dei faste medlemmene i kommunestyret som kan veljast til formannskapet. Valet skal skje som forholdsval når minst eitt medlem krev det, jfr. § 7-4 i kommunelova, og elles som avtaleval. Kommunestyret kan sjølv samrøystes vedtak at val til folkevalde organ skal forgår som avtaleval, jf § 7-7, 1.ledd.

Reglar om forholdsval finn ein i kommunelova §§ 7-5 og 7-6 og reglar om avtaleval finn ein § 7-7.

Ved val til folkevalde organ som etter lova berre består av medlemmer av kommunestyre, og ved val av arbeidsutval for folkevalde organ, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast så langt det er mogeleg. Ved forholdsval til eit utval på fire eller fleire personar, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 % blant dei forelåtte kandidatane på den einskilde liste jf kommunelova § 7-5, 2.ledd. Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-6, 3.ledd krav om at det skal vere kjønnsmessig balanse mellom dei medlemmene som blir valde, når ein ser på organet under eitt.

Ved forholdsval kan kvar liste innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer til formannskapet. Kvar liste blir tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer + to.

Ved avtaleval vert det lagt fram ei innstilling med forslag til kandidatar til formannskapet. Innstillinga skal innehalde like mange namn som tal medlemmer som skal veljast og det skal gå fram av lista kva parti eller gruppe medlemmene representerer. Innstilling kan og innehalde namn på varamedlemmer for kvart parti eller gruppe. Tal varamedlemmer på innstillinga kan vere inntil to fleire enn dei faste medlemmen frå partiet eller gruppa. Kommunestyret vedtar samrøystes innstillinga.

Ein folkevald som ikkje lenger er valbar til eit folkevald organ, går endeleg ut av organet.

Vurdering

Tradisjonen i Masfjorden kommune er at formannschaftsmedlemmene er personidentiske med medlemmene i Kraftfondstyret og valstyret, men desse utvala må oppnemnast av kommunestyret sjølv i eigne saker. Dette betyr og at viss ein i løpet av perioden ønskjer å søke fritak for eit verv i formannskapet, må ein søke samla fritak frå alle dei verva ein er valt til gjennom vedtak i kommunestyret.

Konklusjon

Kommunestyret - 057/2023

KS - behandling:

Geir Egil Haugsvær (Sp) ba om at formannskapet vart valt ved forhåndstalsvalg og las opp følgjande forslag til medlemmer i formannskapet og varamedlemmer i prioritert rekkefølge:

Formannskapet for valbolken 2023 - 2027 er:

- medlem: Erlend Kvamsdal (H)
- medlem: Geir Egil Haugsvær (Sp)
- medlem: Torill Torsvik Størkersen (Ap)
- medlem: Ørjan Daae (FrP)
- medlem: Kariann Ekren (H)
- 1.vara: Stian Sjøvik (Sp)
- 2.vara: Sigrun Haugsdal Reknes (H)
- 3.vara: Mariann Fløtre Andvik (Ap)
- 4.vara: Svein Bjarte Fredheim (FrP)
- 5.vara: Bjarte Andvik (H)
- 6.vara: Aina Sleire (Ap)
- 7.vara: Vebjørn Haugsdal (H)

Forslag til vedtak frå Sp vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Formannskapet for valbolken 2023 - 2027 er:

- medlem: Erlend Kvamsdal (H)
- medlem: Geir Egil Haugsvær (Sp)

medlem: Torill Torsvik Størkensen (Ap)

medlem: Ørjan Daae (FrP)

medlem: Kariann Ekren (H)

1.vara: Stian Sjøvik (Sp)

2.vara: Sigrun Haugsdal Reknes (H)

3.vara: Mariann Fløtre Andvik (Ap)

4.vara: Svein Bjarte Fredheim (FrP)

5.vara: Bjarte Andvik (H)

6.vara: Aina Sleire (Ap)

7.vara: Vebjørn Haugsdal (H)